

SULDAL KOMMUNE INTERNKONTROLL Spesielle rutinar	Kapittel: Utgåve: 1 Side 1 av 1
Rutine for overgangen barnehage - skule	Utarbeidd av: Dato: Dato sist revidert: Godkjent av:

Mål:

- Barnet og foreldre/føresette skal oppleve ein trygg og god overgang frå barnehagen til skulen.
- Barnet skal ha sett skulen og klasserommet sitt før skulestart, samt ha helsa på rektor og kontaktlærer.
- Foreldre/føresette til barnet skal få bli kjent med skulen, rektor og kontaktlærer før skulestart, og kva skulen forventar av dei.
- Kontaktlærer skal gjera seg kjent med foreldre/føresette sine forventningar før skulestart.
- Barn med behov for spesialpedagogisk hjelp etter vedtak §5-7, skal sikrast ein god overgang mellom barnehagen og skulen gjennom gode rutinar i overgangsfasen.

Området rutinen gjeld for:

- Barnehage, skule og PPT.

Omtale

Alle 5-åringar, uansett funksjonsnivå og om dei går i barnehage, skal ha tilbod om å vera med på det faste opplegget med besøk på skulen. Barnehagen har ansvar for at «sine» barn får vera med, og skulen har ansvar for å få med dei barna som ikkje går i barnehagen.

Barnehagen har ansvar for:

- Å ta kontakt med skulen for å avklara kva tid skulen (rektor/lærer) kan koma på besøk i barnehagen
- Å avtala med skulen i god tid, og ta barna (5-åringane) med på besøk til skulen så mange gonger som det er bestemt.
- Å invitera 1.klasse på besøk til barnehagen 1-2 gonger

For fleirspråklege barn:

- Barnehagen må informera skulen om desse tidleg på våren.
- For desse barna er det svært viktig at barnehagen jobbar med omgrepstrening
- Sjå «Rutine for minoritetspråklege barn» ??
- Sjå «Rutinar og organisering av introduksjonsarbeidet i Suldal»

For barn som har vedtak om spesialpedagogisk hjelp:

- Å kalla inn skule, foreldre/føresette og PPT til individuell overføringsmøte for desse

- Ut frå meldingar som har kome frå barnehagen, saman med PPT, vurderer om det er trong for innspel til budsjettet.
- Be PPT om sakkunnig vurdering

Skulen har ansvar for:

- At skulen (rektor/lærer) kjem på besøk i barnehagen.
- Å samkjøra med barnehagen datoar for når 6-åringane skal koma på besøk til skulen.
- At dei barna som ikkje går i barnehagen får koma på besøk til skulen.
- At barna sine besøk på skulen er planlagde og strukturerte med omsyn til tid,form og innhald.
- At foreldre/føresette til 6-åringane får bli kjent med skulen og kontaktlærer før skulestart, og at begge partar har avklart forventningane til kvarandre.
- Rektor kjem på foreldremøte i barnehagen hausten før barna begynner på skulen. Tema: avklaring av forventningar til kvarandre. Kva bør barna ha kontroll på/kunne før skulestart.

For barn med spesialpedagogisk hjelp:

- Ut frå meldingar som har kome frå barnehagen, saman med PPT, vurderer om det er trong for innspel til budsjettet.
- Gjera vedtak om spesialundervisning

PPT har ansvar for:

Risikobarn:

Nokre barn vil utløysa bekymring hjå personalet i barnehagen. Barnehagen må derfor vera særleg merksam på desse barna hausten før året dei skal begynna på skulen.

- PPT kjem på besøk til alle barnehagane, ser og observerar barnegruppa. Er det barn som er i risikograppa skal desse ha ekstra fokus det siste året før skulestart.
- Delta på overføringsmøter med foreldre/føresette, barnehage og skule.
- Bistå skulen og barnehagen med innspel til budsjett ut frå dei meldingane som har kome.
- Å utarbeida sakkunnig vurdering for dei som treng spesialundervisning i skulen.
- Å samhandla og rettleia barnehage og skule om barn som treng tilrettelegging i overgangen.

Barn med særskilte behov:

Sikra barn med særskilte behov gode vilkår i overgangen frå barnehagebarn til skulebarn (jmf. Opplæringslova § ??)

- For barn som allereie er innmeldt til PPT skal det haldast individuelle overføringsmøter med barnehage, skule, foreldre/føresette.

Kan vera behov i ein overgangsfase at personal frå barnehagen fyljer med over i skulen for å overføra det gode systemet ein har jobba med i barnehagen.

Oversyn over ulike tiltak:

Tidspunkt	Tiltak	Ansvar	Merknad	Kostnad
September	<p>Barn med vedtak etter § 5 og barn med spesialundervisning: Barnehagen sender skriftleg melding til skulen som barnet skal byrja på. Meldinga må ha med kva tiltak barnehagen har for barnet. (Individuell opplæringsplan/halvårsrapport) Kopi sendast PPT.</p> <p>Skulen vurderar i samråd med PPT om det er trong for innspel til budsjett. Det må og vurderast innspel til budsjett med tanke på SFO og behov her.</p> <p>Rektor på foreldremøte i barnehagen.</p>	<p>Bhg</p> <p>Skule</p> <p>Bhg</p>	<p>All informasjonsutveksling skal skje i samråd med og etter avtale med foreldre/føresette</p>	<p>Ekstra ressurser for dei som har vedtak om spesialundervisning</p>
Oktober	<p>PPT inn i alle barnehagane. Sjå og observera 5-åringane.</p> <p>Komande 1.klassingar vert registrert administrativt på kommunenivå. For barn som kjem tilflytta må foreldre/føresette sjølv ta kontakt med den einskilde skule.</p>	<p>PPT /bhg</p>		

Tidspunkt	Tiltak	Ansvar	Merknad	Kostnad
Januar	<p>Barnehagen ber PPT om sakkunnig vurdering.</p> <p>Barnehagen opprettar kontakt med skulen Gjer avtale for når skulen (rektor/lærer) kan koma på besøk i barnehagen. Barnehage og skule avtalar tid barna (6-åringane) skal koma på besøk, og kva form og lengde besøka skal ha.</p> <p>Skulen tek kontakt med foreldra/føresette til barn som ikkje går i barnehage.</p> <p>Skulen samkjører dersom fleire barnehagar soknar til same skulen</p> <p>Skulen (rektor/lærer) besøkjer barnehagen</p>	<p>Bhg</p> <p>Bhg</p> <p>Skule</p> <p>Skule</p> <p>Skulen</p>		
Februar	PPT utarbeidar sakkunnig vurdering og sender skulen.	PPT		
Mars	6-åringane besøkjer skulen	Bhg	Personalet på 6-års gruppa er med til skulen.	
April	Tildeling av plass i SFO	Rektor	Sikra at alle barn, uavhengig av kva behov og utfordringar dei har, får eit tilfredsstillande tilbod i SFO.	Sikra ressurser til <u>alle</u> barn i SFO
	6-åringane besøkjer skulen	Skulen		

Tidspunkt	Tiltak	Ansvar	Merknad	Kostnad
Mai	Innskriving av barn i skulen, gjerne i lag med foreldre/føresette 1.kl på besøk i barnehagen	Skule Bhg		
Juni	6-åringane besøkjer skulen. 1.kl. les for 6-åringane. Etter skuleslutt blir det besøk på SFO	Bhg/ skule	Skulen skal ta initiativ til øvrige besøk. Besøka skal utgjera minimum 10 timar til saman.	
Aug/sept	Utarbeida individuell opplæringsplan(IOP) for dei barna som treng det.	Skule		

Kvar grend utarbeidar tidfesta plan for samarbeidet i god tid.

Handsaming av avvik:

Avvik vert melde til styrar eller rektor, som skriv avviksmelding og syter for oppfølging i samsvar med rutina.

6.Dokumentasjonar/referansar:

- Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen
- L-06-Kunnskapsløftet
- Opplæringslova
- «Frå eldst til yngst, samarbeid og samanheng mellom barnehage og skole»
- «Rutine for minoritetsspråklege barn» ?? Er det utarbeida ei slik i vår koomune?
- «Rutinar og organisering av introduksjonsarbeidet i Suldal»

Merknader til rutina:

Risikobarn: Det er barn som personalet i barnehagen kan ha ei bekymring for, men som ikkje er tilmeldt til PPT. Barn som ikkje treng spesialundervisning, men som treng litt »ekstra» Det kan vera adferd som tilseier at det manglar noko på sosiale ferdigheter, indre uro, uforutsigbare reaksjonsmønster i enkelte situasjonar, eller annan adferd som vil kunne hindra desse barna i å få ei optimal opplæring i 1.klasse. Ved at PPT kjem i barnehagen å

ser/observerar 5-års gruppa hausten før skulestart kan ein få «friske» auge på gruppa. PPT kan hjelpa til med å gi veiledning til personalet, og gi råd/hjelp til gode opplegg rundt enkeltbarn og/eller barnegruppa. Med dette kan ein kanskje unngå oppmelding ved skulestart.

SFO: SFO er ikkje ein del av grunnskuleopplæringa, men kommunen skal ha eit tilbod om sfo. Erfaring viser at barn som kan ha behov for tett vaksenkontakt i skuletida og kan ha behov for dette i sfo. Det må derfor bli gitt eit tilfredsstillande tilbud til desse barna utan at det går på bekostning av dei andre.